

Framandspråk i ungdomsskulen: Er fransk i fare?

Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa – Notat 1/2014¹

Utdanningsdirektoratet har publisert elevtal frå ungdomsskulen for skuleåret 2013–2014, sjå gsi.udir.no. I dette notatet ser vi nærare på tala for framandspråk (1) og språkleg fordjuping og arbeidslivsfag (2), i tillegg til to av dei nye valfaga: internasjonalt samarbeid og reiseliv (3). Vi går også inn på regionale skilnader (4) og skilnader mellom jenter og gutar (5). Til slutt rettar vi lyset mot situasjonen for fransk, som går ned, samstundes som tysk stabiliserer seg og spansk går opp (6).

1. Framandspråk

Elevane som startar på 8. steg, får tilbod om eit nytt språk i tillegg til engelsk. Skuleåret 2013–2014 takka 76,8 % av elevane ja til dette tilbodet. Det inneber ein svak auke frå i fjor, då talet var 76,3 %. Spansk, tysk og fransk er dei tre språka som blir tilbodne oftast, og det er følgjeleg desse tre språka som dominerer i elevstatistikken: 35,2 % av elevane har spansk, 27,2 % tysk og 13,9 % fransk. Andre språk, som omfattar bl.a. kinesisk og russisk, utgjer under 0,5 % av kullet. Tala avvik ikkje stort frå tala frå fjoråret og åra innan, men vi legg merke til at det atter er nedgang for fransk. Vi kjem tilbake til dette under punkt 6.

	Fransk	Spansk	Tysk	Andre fs.	I alt
2011–2012	15,3 %	33,5 %	26,9 %	0,5 %	76,1 %
2012–2013	14,7 %	34,9 %	26,4 %	0,4 %	76,3 %
2013–2014	13,9 %	35,2 %	27,2 %	0,4 %	76,8 %

Tabell 1. Elevar med framandspråk, 8. steg, skuleåra 2011–2012 til 2013–2014 (landsbasis)

2. Alternativ til framandspråk

Framandspråk er ikkje obligatorisk i ungdomsskulen. Skulane er pliktige til å tilby fordjuping i anten engelsk, norsk eller samisk. Skulane kan også gi opplæring i arbeidslivsfag, eit fag som blei introdusert i 2009–2010. Engelsk fordjuping blir valt av 12,2 % og norsk fordjuping av 3,1 % av elevane. Begge faga syner ein nedgåande tendens. Samisk fordjuping er ein sjeldan blom; det er under 20 elevar på landsbasis som har faget. Arbeidslivsfag, som har 5,4 % av elevane, aukar også i år.

	Engelsk f.	Norsk f.	Samisk f.	Arbeidsliv	I alt
2011–2012	14,8 %	4,3 %	0,0 %	3,0 %	22,2 %
2012–2013	13,1 %	3,4 %	0,0 %	4,9 %	21,5 %
2013–2014	12,2 %	3,1 %	0,0 %	5,4 %	20,7 %

Tabell 1. Elevar med fordjuping eller arbeidslivsfag, 8. steg, skuleåra 2011–12 til 2013–14 (landsbasis)

¹ Spørsmål? Ta gjerne kontakt med seksjonsleiar for framandspråk på Nasjonalt senter for framandspråk i opplæringa, Gerard Doetjes (gerard.doetjes@fremmedspraksenteret.no eller telefon 413 34 419).

3. Valfag: internasjonalt samarbeid og reiseliv

Ungdomsskulane skal også tilby eitt eller fleire valfag til elevane på 8., 9. og 10. steg. Av dei 14 valfaga skulane kan gi opplæring i,² er Fysisk aktivitet og helse, Sal og scene og Design og redesign dei desidert mest populære; desse tre faga samlar i alt 63,0 % (!) av elevane på 8. steg. Internasjonalt samarbeid og Reiseliv, som begge inneheld kompetansemål som er knytte til språkopplæringa, har høvesvis 2,6 % og 0,9 % av elevane på 8. steg. Tala for 9. steg peiker i same leia, mens tala for 10. steg omfattar for få skular til å kunne gi nokon god peikepinn.

4. Regionale skilnader

I fjor skreiv Framandspråksenteret eit eige notat om dei store regionale skilnadene i val av framandspråk.³ Talet på elevar som får opplæring i fransk, spansk, tysk eller eit anna språk, varierer sterkt frå skule til skule og frå fylke til fylke, og det er som regel færre elevar med framandspråk på små stader, i kommunar med relativt lågt utdanningsnivå og på skular med eit avgrensa fagtilbod enn det er i befolkningstette område, i kommunar med relativt høgt utdanningsnivå og på skular med eit breitt utval av språkfag.

Også i år er det store regionale skilnader. I Finnmark har berre 51,9 % av elevane framandspråk, talet for Akershus er heile 85,9 %. Finnmark er samstundes det fylket som har flest russiskelevar (5,4 % – talet inngår i kategorien «Andre framandspråk»). Fransk er størst i Oslo (22,5 %), spansk i Rogaland (43,5 %) og tysk i Sogn og Fjordane (48,5 %).

	Fransk	Spansk	Tysk	Andre fs.	I alt
Østfold	13,1 %	30,2 %	27,0 %	-	⁴ 70,2 %
Akershus	19,4 %	37,6 %	28,5 %	0,4 %	85,9 %
Oslo	22,5 %	35,5 %	21,6 %	0,6 %	80,2 %
Hedmark	15,3 %	31,4 %	31,7 %	-	78,4 %
Oppland	13,8 %	26,6 %	36,5 %	-	76,9 %
Buskerud	14,5 %	31,3 %	31,5 %	-	77,3 %
Vestfold	19,8 %	38,9 %	21,9 %	-	80,6 %
Telemark	5,8 %	31,6 %	31,6 %	-	69,1 %
Aust-Agder	13,4 %	29,3 %	27,9 %	-	70,7 %
Vest-Agder	9,5 %	36,4 %	31,4 %	-	77,3 %
Rogaland	11,2 %	43,5 %	28,5 %	-	83,2 %
Hordaland	13,6 %	40,7 %	23,0 %	1,4 %	78,7 %
Sogn og Fjordane	8,5 %	18,8 %	48,5 %	-	75,8 %
Møre og Romsdal	7,6 %	37,4 %	26,3 %	-	71,4 %
Sør-Trøndelag	14,7 %	37,5 %	22,9 %	0,2 %	75,3 %
Nord-Trøndelag	11,1 %	35,6 %	29,8 %	-	76,5 %
Nordland	8,5 %	30,8 %	23,4 %	-	62,9 %
Troms	10,2 %	35,1 %	22,8 %	1,2 %	69,2 %
Finnmark	6,5 %	13,9 %	24,8 %	6,8 %	51,9 %

Tabell 3. Elevar med framandspråk, 8. steg, skuleåra 2011–2012 til 2013–2014 (fylkesoversikt)

² Ei fullstendig oversikt finst på Utdanningsdirektoratet si nettside <http://www.udir.no/Lareplaner/Valgfag>.

³ Sjå <http://www.fremmedspraksenteret.no/nor/fremmedspraksenteret/sprakvalg/elevenes-fagvalg---statistikk-og-analyse/ungdomsskolen-1>.

⁴ Ver merksam på at elevane i Halden kommune vel fag når dei startar på 9. steg. Tala for Østfold utan Halden er som følgjer: framandspråk i alt: 78,0 %; fransk: 14,5 %; spansk: 33,5 %; tysk: 29,9 %.

5. Kjønnsskilnader

Språkfag er, som vi var inne på i eit notat⁵ i fjor, langt frå å vere reine «jentefag», men faga er faktisk meir populære blant jenter enn blant gutar: 81,1 % av jentene og 72,7 % av gutane har framandspråk. Interessant nok er det ikkje framandspråka samla som dreg færre gutar enn jenter; det går eit tydeleg skilje mellom tysk og dei romanske språka. I tysk er det (litt) fleire gutar enn jenter, mens situasjonen er omvendt i spansk og (særleg) fransk. Kjønnsskilnadene trer også tydeleg fram i for-djupingsfaga og i arbeidslivsfag: Sistnemnde fag har meir enn dobbelt så mange gutar som jenter.

	Fransk	Spansk	Tysk	I alt
Jenter	17,3 %	38,3 %	25,1 %	81,1 %
Gutar	10,8 %	32,3 %	29,3 %	72,7 %
	Engelsk f.	Norsk f.	Arbeidsliv	I alt
Jenter	10,9 %	2,4 %	3,3 %	16,7 %
Gutar	13,4 %	3,8 %	7,4 %	24,6 %

Tabell 4. Fagval fordelt på kjønn, 8. steg, skuleåret 2013–2014 (landsbasis)

6. Er fransk i fare?

Med innføringa av Kunnskapsløftet blei også faget Praktisk prosjektarbeid avskaffa. Det gav rom for etablering av spansk som nytt framandspråk på mange skular. Spansk blei raskt svært populært, og innføringa av faget er den direkte årsaka til at talet på elevar med framandspråk sett under eitt auka frå 60,6 % i skuleåret 2004–2005 til 77,7 % i 2006–2007. Mange spanskelevar hadde sannsynlegvis ikkje valt framandspråk om skulen ikkje hadde tilbode spansk. Men samstundes kan vi slå fast at ein del elevar som elles ville ha valt fransk eller tysk, no valde spansk. Fransk gjekk i same perioden ned frå 20,4 % til 17,1 % og tysk frå 33,6 % til 27,3 %. I åra før hadde fransk vore stabilt på om lag 21 %, mens tysk alt var på veg ned før spansk kom inn i biletet. (I 2001–2002 hadde enno så mykje som 43,2 % av elevane tysk!)


For begge faga heldt denne nedgangen fram eit år eller to etter innføringa av Kunnskapsløftet, for så å stoppe opp. Lenge kunne det sjå ut som dei tre store framandspråka hadde stabilisert seg på kvart sitt nivå: fransk rundt 15 %, spansk rundt 33 % og tysk rundt 26 %. I dei siste tre–fire åra har vi likevel sett ei utvikling som kan tyde at fransk på ny kan vere på veg ned – dette i motsetnad til spansk og tysk. Tendensen blir synleg når vi slår saman tala for spansk og tysk (blå linje) og samanliknar med fransk (raud linje) i figur 1 på neste side. Nedgangen for fransk er ikkje like stor som oppgangen for spansk og tysk, noko som kan forklarast med at talet på elevar med framandspråk sett under eitt samstundes har auka frå rundt 73,3 % i 2010–2011 til 76,8 % i år. Fransk har altså ikkje nytt godt av denne auken. Tvert imot eroderer faget tilsynelatande pø om pø ned, mens spansk og tysk veks.

Når talet på elevar i eit språkfag går ned på landsbasis, kan det vere to forklaringar: Anten er faget blitt mindre populært (same kva grunnen er), eller så er det færre skular som tilbyr faget. Når det gjeld fransk, kan det sjå ut som begge forklaringane kan ha noko føre seg: Fransk er tilbode på (litt) færre skular, og elevane som har tilbod om faget, vel det i mindre grad. Som figur 2 (også på neste side) syner, er «dekningsgraden» av franskfaget på veg ned, det vil seie at det er litt færre elevar som


⁵ Sjå <http://www.fremmedspraksenteret.no/nor/fremmedspraksenteret/sprakvalg/elevenes-fagvalg---statistikk-og-analyse/ungdomsskolen-1>.

går på skular som gir opplæring i fransk, no (64,8 %) enn det var i 2010–2011 (67,7 %). I same periode har det blitt fleire elevar som går på skular med spansk, mens tala for tysk er stabile. Det er nærliggjande å forklare tala med at nokre skular har «bytt ut» fransk med spansk, men dette må vi sjå nærare på før vi kan konkludere endeleg.

Figur 1. Val av spansk og tysk (blått) samanlikna med fransk (raudt), 8. steg




Figur 2. Elevar på skular med opplæring i fransk (raudt), spansk (blått) og tysk (grønt), 8. steg



I figur 3 på side 5 har vi teke bort dei skulane som ikkje tilbyr fransk, spansk og/eller tysk. På denne måten kjem vi eit stykke nærare den reelle interessa for faga. Figuren syner at det samstundes har blitt (nokre) færre elevar med fransk på dei skulane som har fransk på timeplanen; talet har gått ned frå 22,7 % i 2010–2011 til 21,5 % i inneverande skuleår. Endringa er marginal, men jamvel interessant av den grunn at utviklinga går i motsett retning for tysk, som gjekk frå 28,4 % i 2010–2011 til 30,4 % i år, og for spansk, som frå innføringa av Kunnskapsløftet og fram til 2010–2011 opplevde ein markant nedgang i interessa blant elevane på skular med spansk. Denne nedgangen gjekk hand i hand med ein auke i talet på skular med spansk, noko som gjorde at tala for spansk korkje gjekk opp eller ned i

denne perioden. Etter 2010–2011 er det atter blitt fleire elevar som vel spansk når dei får tilbod om det. Talet har auka frå 39,8 % i 2010–2011 til 43,1 % i år.

Figur 3. Val av fransk (raudt), spansk (blått) og tysk (grønt) på skular som har faga, 8. steg



I innleiinga spurde vi om fransk er i fare. Det er for tidleg å trekkje nokon sikker konklusjon, til det er endringane i tala foreløpig for små. Vi kan likevel sjå ein (forsiktig) tendens til at det blir (nokre) færre elevar med fransk som følgje av at det er (nokre) færre elevar som kan velje fransk, og at det er (nokre) færre elevar som faktisk vel fransk når dei har høve til det. Utviklinga er ikkje nokon direkte trussel for faget, men kombinasjonen av færre skular med fransk og lågare interesse for språket kan fort føre franskfaget inn i ein negativ spiral. At det *kan*, men ikkje *må* skje, syner tala frå dei første åra etter innføringa av Kunnskapsløftet, der det også blei færre elevar med fransk, samstundes som det også på dei skulane som hadde tilbod om fransk, blei færre som valde faget. Denne utviklinga snudde, og tala for fransk gjekk opp frå 13,7 % i 2008–2009 til 15,5 % i 2010–2011.

Halden, februar 2014

Gerard Doetjes